

Merknadsskjema – 2. gongs offentleg ettersyn

| | |
|----------------------|---|
| Plannamn | Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad |
| Arealplan-ID | 1263-201407 |
| Saksnummer | 14/7379 |
| Utarbeida av | Multiconsult |
| Sist revidert | 20.08.2021 |

| Nr. | Avsendar | Hovudpunkt i merknad/uttale | Forslagsstillars kommentar | Endringar | | |
|---------------------------|--|--|---|-----------|------------|------------|
| | | | | Kart | Føresegner | Planomtale |
| <u>Private merknader:</u> | | | | | | |
| 1 | Ard arealplan AS på vegne av Westland hotell Gnr/bnr 108/102 23.03.21 | Plankart 1 1. Held på med planarbeid for Kvalen, Westland hotel, gnr. 108, bnr. 102, mfl., planid: 201108. Deira planområde overlappar delvis sørleg del av planområdet for fv. 57. Ber om at det vert teke omsyn til planane for utviding av hoteldrift, spesielt i området/skråning ned mot fv. Hotellet har i dag eit riggområde her, men ønskjer på sikt å etablere utleigeleiligheter eller liknande i det same området. | Plankart 1 1. Del av gnr. 108 bnr. 102 mfl. er regulert til mellombels bygge- og anleggsområde i planforslaget for fv. 57. Dette arealet vil tilbakeførast eller setjast i stand i samsvar med arealformålet seinast 1 år etter at delstrekninga er opna. Vestland fylkeskommune vil uttale seg til reguleringsplan for Westland Hotel når den vert lagt ut til offentleg ettersyn. Ingen endring i planforslaget. | | | |
| 2 | Gunnar Askeland Gnr/bnr 108/8 22.03.2021 | Plankart 2 1. Avkøyrsl til bruk 108/8 bes utfomet også med fremtiden som deltagende faktor. Å flytte avkøyrsl mot syd vil gjere det lettare å imøtekomme krav for tunge køyretøy. Det same kan verte oppnådd med avkøyrsl mot nord. 2. Tiltenkt plassering av gang- og sykkelveg delar garden sitt driftsareal. Ved flytting av gang- og sykkelveg vestover, opp mot ny fv57 trasé, er det mogleg å unngå dette. | Plankart 2 1. Ny avkøyrsl til bruk 108/8 er veg f_SV6. Det er spora for liten lastebil og i føresegnene er det opna opp for at ein skal gruslegge areal i o_SVG1 slik at ein kan nytte dette som manøvreringsareal. Så også merknad i vedlegg 16, Notat til byggeplanfasen. På grunn av trafikktryggleik kan ikkje avkøyrsla flyttast lengre sør då den då vil kome for tett på avkøyrsla o_SKV5 til nytt næringsareal. 2. I planforslaget er GS-veg lagt på eksisterande vegareal slik at ein får utnytta allereie opparbeida vegareal til ny GS-veg. Eventuell erstatning ved tap av areal vil skje i samband med grunnerv og i byggeplan. Ikkje tatt til følgje. Ingen endring i planforslaget. | | | |
| 3 | Olav-Kåre Tykhelle Gnr/bnr 118/1 2 uttaler 15.03.2021 og 19.03.2021 | Plankart 3 1. Finn ikkje noko om tidl. innspel til kommunen er tatt opp. Det er heller ingen som har teke kontakt eller vore med på befarung frå kommunen (15.03.21). 2. Har vanskeleg for å forstå at framtidig tilkomst til eigeidomen og den planlagde sykkel- og gangstien på austsida kan nyttast utan å risikera liv og helse. Har bedt om at det vert planfri kryssing av fv. 57. (15.03.21). | Plankart 3 1. Statens vegvesen og dåverande Lindås kommune har hatt synfaring med grunneigar etter 1. gongs offentleg ettersyn. 2. Fv. 57 Lindås tettstad – Mongstad er prosjektert og planlagt i tråd med Statens vegvesen sine handbøker som sikrar ein trafikkikker køyreveg samt gang- og sykkelveg. | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|--|---|---|--|
| | | <ol style="list-style-type: none"> 3. Eigedommen har bruksareal på begge sider av FV57. Har både før planarbeidet starta, og etter første høyringsrunde gjort det klart at det må etablerast planfri kryssing av FV57. 4. Meiner at ikkje ROS-analyse ikkje har tatt høgde for stengde landbruksavkøyrslar (19.03.2021). 5. Tilførselsveggar til naboane på 118/2 og 3 er ikkje teikna av nokon som har vært på staden og sett på området.(19.03.21) 6. Ønsker at ansvarleg beslutningstakar tek ei befarig på staden saman med grunneigar (19.03.21) | <ol style="list-style-type: none"> 3. Bruk 118/1 har i vest tilgang til landbruksareal via avkøyrslar f_SV10. Aust for fv. 57 er det tilkomst til landbruksareal gnr. 118 bnr. 1 via veg f_SV7 og køyring på GS-veg. Stengesymbol ved pel 2010 og 2110 vert vidareført. Viser elles til svar under punkt 2. 4. Planforslaget legg opp til ein trafikksikker veg i tråd med vegnormalen N100 med bl.a. sanering av avkøyrslar og ein ny GS-veg som skal sikre dei mjuke trafikantane. Sannsyn for trafikkkulykker på fv. 57 vil vere til stades. Planforslaget legg til rette for trafikksikre løysingar for å redusere og unngå uønskete trafikkhendingar. 5. SVV og Alver kommune har vore i dialog og hatt synfaring med grunneigar av bruk 118/2 og 3 i samband med ny vegløyasing etter 1.gongs offentleg ettersyn i 2019. Løysinga er i tråd med krava i vegnormalane. 6. Det har tidlegare i planprosessen vore synfaring med SVV og Alver kommune. | | | |
| 4 | Harry Mikal Rosnes Gnr/bnr 117/3 22.03.2021 | <p>Plankart 4 og 5</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Er eigar av landbrukseigedom gnr. 117 bnr. 3 som er i drift, med innmark, beite og utmark på begge sider av Fv 57. To landbruksavkøyrslar er stengt - Stemmetølen og Storgjerdet. Det er betydelege driftsulemper knytt til fjerning. Føreset at tilsvarande landbruksavkøyrslar med tilhøyrande landbruksveg vert etablert som i dag. 2. Har vassforsyning frå brønn, vist i vedlagt kart. Antar at eventuell ny fjellsprenging for etablering av ny Fv 57 lett kan medføre at brønnen mister vatnet. Meiner det er hensiktsmessig å legge rør gjennom Fv for vassforsyning til offentleg vassleidning. 3. Avkøyrslar som i planen er avsett som erstatning for sjøtilkomst til fleire bruk på Rosnes er i dag ei betydeleg trafikkkfelle. Vil føre til betydeleg trafikkkauke. Plasseringa bør verte vurdert på nytt. Avkøyrslar bør flyttast lenger syd, godt syd forbi dagens avkøyrslar. Ser ikkje om noverande sjøveg kan nyttast som gangveg, men føreset dette. 4. Plassering av busshaldeplassar på Rosnes midt bør vurderes på nytt for å oppnå betre siktforhold med en intensjon om å minimalisere og redusere farepotensial ved kryssing av veg. 5. Avkøyrslar Rosnes midt bør vurderes på nytt. | <p>Plankart 4 og 5</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Det er tilgang til bruk 117/3 i vest via avkøyrslar f_SKV6. Tilgang til 117/3 i aust er via veg f_SV16 og køyring på GS-veg. Del av dei mindre landbruksteigane 117/3 ved Rosnesvågen og Tjukketlevatnet er avsett til køyreveg SKV og anna vegggrunn SVG samt midlertidig bygge- og anleggsområde. Ev. erstatning for tap av areal vil skje i samband med byggeplan og grunnerverv. 2. Eventuelle erstatning for ev. tap av vassforsyning vil skje i samband med byggeplan og grunnerverv. 3. Avkøyrslar f_SV18 er retta opp og sikt er tilstrekkeleg slik at trafikkktryggleik er ivaretatt. Ein kan tilpasse bruk av eksisterande sjøveg som gangveg til ny GS-veg. Dette er kommentert i notat til byggplanfasen, sjå vedlegg 16. Ny køyrbar veg til naustområde er tilrettelagt, men må kostast av grunneigarar. 4. Busshaldeplassane er prosjektert etter krav i Statens vegvesen sine handbøker. Busshaldeplassar på vegstrekninga har tilstrekkeleg sikt og er trafikksikre. 5. Ny avkøyrslar f_SKV6 er retta opp og sikt er tilstrekkeleg og avkøyrslar er trafikksikker. | | | |
| 5 | Oddbjørn Rosnes og Kjell Åge Rosnes Gnr/bnr 117/11 Gnr/bnr 117/27 | <p>Plankart 6</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. På plankartet plansje 6 er utkøyringsveg frå bnr 27 teikna inn over bnr 11. Dette må skuldast ei mistyding, og forholdet er tidlegare teke opp med representant for | <p>Plankart 6</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Merknad frå grunneigar har tidlegare ikkje kome inn til SVV/Vestland fylkeskommune. Plankart er no endra slik at ein opprettheld eksisterande avkøyrslar ut i veg | X | X | |

| | | | | | | |
|---|---|---|--|---|---|--|
| | 4 uttaler (same uttale) 22.03.2021 | dåverande Lindås kommune. Ei slik løysing som den som no er føreslegen, vil vera sær s trafikkfarleg, og til svært stor ulempe for begge bruka. Bnr 27 har sidan eigedomen vart utskilt hatt tinglyst vegrett i rett line langs eigedomsgrrensa til bnr 11. For fleire år sidan vart denne vegen bygt, og har sidan vore einaste brukte utkøyrslr frå bnr 27. Dette er ein trygg veg, med godt og oversiktleg kryss til lokalvegen. Vegen som kartet no viser forbi våningshuset på bruk 11 går rett gjennom tunet på denne eigedomen, utan avstand til hjørnet på våningshuset. Det er ei sær lite tenleg løysing om ein legg trafikktryggleik til grunn. Me bed om at plankartet vert justert, slik at det er i samsvar med den noverande løysinga for vegar ut frå bnr 27 og bnr 11. | f_SV21. Det er lagt inn avkøyrslr frå eksisterande vegar ut i veg f_SV21. Veg f_SV23 er tatt ut. Detaljering og tilpassing vil skje på byggeplan. Det er lagt inn ein merknad om dette i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16. Tatt til følgje. Endring av plankart og føresegner. | | | |
| 6 | Monica Haugen Gnr/bnr 116/9 og 116/18 2 uttaler (same uttale) 10.03.2021 | Plankart 6 og 7 1. Vi har kjøpt 116/9 og 116/18 i mai 2020. Det er levert merknad frå tidlegere eier og vi stiller oss bak de merknadene. 2. Når det gjelder adkomst til de to jordbruksområdene på begge sider av veien må det sørges for at vi får tilnærmet tilgang som i dag. Terrenget ved foreslått avkjørsel 116/33, 116/6 og 116/9 krever omfattende tiltak for å få adkomst til disse to jordbruksområdene tilhørende 116/9. 3. Hvem skal ta kostnadene for adkomstene som foreslått? | Plankart 6 og 7 1. Vi viser til vårt svar til merknad nr. 10 til 1. gongs offentlig ettersyn (Anne Grethe og Leif Rune Gausereide Pettersen 10.12.18), sjå planskildring kap.13. 2. I vest har ein tilkomst til bruk 116/9 via veg SV32 (denne er endra til felles f_SV32). I aust har ein tilkomst til bruka 116/9 og 116/18 via veg f_SV33 og f_SV34. I aust kan ein også nytte GS-veg som tilkomst til landbruksareal 116/9. 3. Per i dag er det Vestland fylkeskommune som vil ta kostnaden ved opparbeiding av vegareal i samband med eventuell gjennomføring av prosjektet. Ev. erstatning for tap av areal vil skje i samband med grunnnerverv og i byggeplan. Delvis tatt til følgje. Endring i føresegner og plankart. | X | X | |
| 7 | Rigmor Amble Iversen Gnr/bnr 116/34 og 116/48 22.03.2021 | Plankart 7 1. Hva er det som er i veien for å beholde den utkjørselen jeg har i dag? 2. Ny utkjørsel vil forringe min brukeradkomst. Jeg håper dere vil se på det på nytt. Er glad for at det er gjort tilpasninger her slik at inngangspartiet beholdes (Pkt 1 i tidligere mrk). Fint at vegen er flyttet nærmere slik at adkomsten til inngangsparti blir det samme (Pkt. 3 i tidl. mrk). 3. Støygjerde. Jeg håper det blir tatt hensyn til dette med tanke på at hytten blir brukt som et bolighus i måneder om gangen og har tanker om å bo der fast (Pkt.2 i tidligere mrk). 4. Ber om at det ikke blir satt opp autovern nedenfor hytten min på sørsiden, da jeg fortsatt må gå over veien med fisk og tunge redskaper fra sjøen (naustet ligger i Havnevikken over veien). | Plankart 7 1. I planforslaget har ein samla fleire avkøyrslr langs strekningen for å oppnå en trafikk sikker veg. Eksisterande avkøyrslr er ikkje tilpassa ny veg og vil ikkje vere trafikk sikker. 2. Avkøyrslr til eigedomen veg SV35 er etter 1. gongs offentlig ettersyn endra etter synfaring med og innspel frå grunneigar. Sjå også svar til merknad av 14.12.18, merknad nr.14, jf. planskildring kap. 13. 3. Eigdommen ligg i delvis raud- og gul-støysone. For fritidsbustader er det ikkje krav i plan- og bygningslova til innandørs lydnivå frå utandørs lydkjelder. Eventuelle støyreduserande tiltak vil dermed bestå i lokal skjerming av uteplass. Støytiltak vil bli vurdert i samsvar med Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Forslag til stø reduserande tiltak vil bli utarbeidd i samsvar med gjeldande regelverk i samband med byggeplan og før anleggsstart. | | | |

| | | | | | | |
|----|---|--|--|---|--|--|
| | | | <p>4. Fv. 57 Lindås tettstad – Mongstad er prosjektert og planlagt i tråd med Statens vegvesen sine handbøker. Autovern er tiltak for å sikre ein trygg og trafikksikker veg. På sørsida av fv 57 vil det komme eit autovern. Detaljering av dette vil skje på byggeplan.</p> <p>Ikkje tatt til følgje. Ingen endring i planforslaget.</p> | | | |
| 8 | Annette Tvedt og Rolf Maurseth Gnr/bnr 116/17 og 120/7 22.03.2021 | <p>Plankart 7</p> <ol style="list-style-type: none"> Vi opprettholder tidlige innsende merknader. Vi kan ikke se at noen av våre merknader er tatt til følge. Det er heller ikke gitt noen tilbakemeldinger noe vi finner underlig. Har per i dag garasje på landsiden. Vil ha funksjonaliteten til garasjen og biloppstillingsplassene vi har i dag blir opprettholdt. Ber om at det vises svingradier i plankart. Vi ber om at det blir regulert inn ny dobbel garasje og to biloppstillingsplasser foran garasje. Tomten må planeres og klar til bruk og kunne stenges av for andre. Dersom det må bygges støttemur mot ny fylling må dette gjøres før vi overta eiendom. Viktig at brøytesnø fra fylkesveg ikke havner på p-plass Tinglyst rett til å kjøre frem til garasje og parkeringsplass Kompensasjon for garasjebygg Oppmåling, utskilling av tomt, nytt gård- og bruksnr. og overdragelser uten heftelser | <p>Plankart 7</p> <ol style="list-style-type: none"> Viser til svar på merknad av 19.12.18, merknad nr. 9 til 1. gongs offentlig ettersyn, jf. planskildring kap. 13. Garasjen på eigedom 116/17 må fjernast som følgje av vegutbetring og bygging av ny GS-veg. Det er avsett areal til min. 2 p-plasser, vist i reguleringsplanen som SPP2. Det er spora for bil i avkøyrsla med radius på 4 meter. Det er tilstrekkeleg areal til å snu på plassen. I areal avsett til nettstasjon (o_BE3), vil det bli lagt til rette for parkering i samband med vedlikehald av nettstasjonen. Denne plassen kan også nyttast som snuareal. Det er ikkje lagt inn formål for nytt garasjebygg i planforslaget. Dersom grunneigar ønskjer å føre opp garasje på parkeringsplass SPP2, blir dette ei sak som grunneigar må søkje om til kommunen. Tomta vil bli opparbeida til bruk som parkeringsplass før overtaking av eigedom. Behov for ev. stenging av tilkomst til parkering SPP2 på privat grunn vil grunneigar stå fritt til. Spørsmål om drift og vedlikehald av ny fv. 57 må tas med vegeigar når dette vert aktuelt. 4-6. Eventuell erstatning for tap og anna heft vil skje i samband med grunnerverv og byggeplan. <p>Ikkje tatt til følgje. Ingen endring i planforslaget.</p> | | | |
| 9 | Ottar Lauvås Gnr/bnr 116/1 25.02.2021 | <p>Plankart 7</p> <ol style="list-style-type: none"> Me har borehull for vatn som forsyner gnr. 116 bnr. 1. Dette vil ligge tett inntil den nye sykkelvegen fra Lindås til Mongstad. Vil ha ny vasskjelde dersom borehullet vert forureina under utbygginga av vegen. | <p>Plankart 7</p> <ol style="list-style-type: none"> Tap av brønn og ev. erstatning vert avklart i samband med byggeplan og grunnerverv. <p>Ingen endring i planforslaget.</p> | | | |
| 10 | Jan Arve Lauvås Gnr/bnr 116/2 14.02.2021 | <p>Plankart 7</p> <ol style="list-style-type: none"> Avkjørselen til 116/2 på Lauvås på nedsida av hovudvegen er fjerna utan at ny avkjørsel er tegna inn. | <p>Plankart 7</p> <ol style="list-style-type: none"> I aust har ein tilgang til eigedom 116/2 via avkøyrsl f_SV47 og køyring på GS-veg. I vest har ein tilgang til eigedom 116/2 via avkøyrsl f_SV46. <p>Ingen endring i planforslaget.</p> | | | |
| 11 | Rita Waagenæs Gnr/bnr 116/79 23.03.2021 | <p>Plankart 8</p> <ol style="list-style-type: none"> Ny vei SV52 fra FV57 til eiendom må stoppe ved dagens asfalterte vei, ca. ved eiendomsgrense, se blåmarkert på skisse. Utkjørsel fra garasje er mot vest og FV57, og må ha | <p>Plankart 8.</p> <ol style="list-style-type: none"> Etter innspel frå grunneigar av gnr. 116 bnr. 30 og 32 har ein endra veg SV52 (merknad 12). Tilpassing av veg SV52 frå eigedomsgrense og til garasje på | X | | |

| | | | | | | |
|----|---|---|--|---|---|--|
| | | <p>tilsvarende plass som i dag til utkjøring.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Parkeringsplasser ved dagens avkjørsel fra FV57 vil bli fjernet ved utbygging. Plassen har mulighet for oppstilling av 3- biler. Disse plassene må erstattes ved å planere og utvide dagens plass utenfor garasje. 3. Mulig behov for mur opp mot ny fylling fra FV57, se rødmarkering på skisse. 4. Det er ønskelig med en gangsti fra ny bussholdeplass og ned til huset, se svartmarkering på skisse. | <p>eigedom kan løysast i byggeplan. Det er lagt inn ein merknad om dette i Notat til byggeplan, sjå vedlegg 16.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Ny fv. 57 er heva og dagens parkeringsplass vil derfor ligge under ny GS-veg. Det vil også kome eit autovern på staden. Tap av areal og ei ev. erstatning vil skje i samband med byggeplan og grunnverv. 3. Mindre tilpassingar av veg SV52 og o_SVG1 vil løysast i byggeplan. 4. Det vil vere mogleg å gå i anna vegareal o_SVG1 til busshaldeplass. Det vil ikkje verte regulert og etablert eige gangareal til busshaldeplass. <p>Delvis tatt til følge. Endring av plankart.</p> | | | |
| 12 | <p>Synneve Lauvås Gnr/bnr ikkje oppgjeve i merknad. (Gnr. 116/30 ved 1. gongs offentleg ettersyn) Birkebeinergaten 1 22.03.2021</p> | <p>Plankart 8</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Eg protesterer fortsatt på at hagen min skal bli rasert for å gi naboen ny utkjørsel, og opprettheld det er av skrive i tidlegare uttale. Eg godtek ikkje at den einaste dyrkbare delen av hagen blir brukt på den måten som er beskrive, då det finst andre mogelegheiter for ny tilkomst frå naboen til fylkesvegen. | <p>Plankart 8</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ein har flytta SV52 noko lengre mot vest samt at ein har lagt inn mur langs SV52 slik at det ikkje vert store fyllingsutslag på eigedomen. Detaljering og tilpassing av veg vil skje i byggeplan. Det er lagt inn en ein merknad om dette i Notat til byggeplanfasen, vedlegg 16. Sjå også svar på merknad nr. 31 til 1. gongs offentleg ettersyn 15.12.2018, jf. planskildring kap. 13. <p>Delvis tatt til følge. Endring i plankart.</p> | X | | |
| 13 | <p>Solveig Marit Rebnor og Ragnvald Valle Gnr/bnr 116/44, 116/13 og 116/52 15.02.2021</p> | <p>Plankart 8 og 9</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ser at det er teikna inn ein sti f_SGG8 (at det er ein sti vart opplyst ved telefonisk henvendelse til Alver kommune) som startar/sluttar på eigedom 116/13, et par meter bak bolighuset vårt. For å nå denne stien må ein passera 116/44 gjennom tunet vårt. Kan ikkje sjå at dette kan verta aktuelt. Det er mulig dette var med på forrige kunngjering datert 7.11.2018, men vart ikkje observert av oss, då kunngjeringa dreier seg om gang og sykkelveg, ikkje ein sti på vestsida av bolighuset vårt. | <p>Plankart 8 og 9</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Denne løysinga låg inne i planforslag på 1. gongs høyring (2018). Stien er eit tilbod til eigedomar 116/26 og 39 som mistar tilgang (via trapp) frå eksisterande fv. 57 ved etablering av ny fv. 57. Det er i planforslaget lagt opp til at f_SGG8 gangareal skal etablerast som sti med inntil 1,5 m breidde til hytter på eigedomane gnr. 116 bnr. 26 og 39. Ein har tatt ut stien f_SGG8 av plankartet. Stien er no vist som ein illustrasjon. Ein har i staden avsett eit større areal med tilhøyrande føresegner til L2 for å betre tilpasse sti til tun og hus ved byggeplan. Det er lagt inn ein merknad i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16. Tap av areal og ei ev. erstatning vil skje i samband med byggeplan og grunnverv. <p>Delvis tatt til følge. Endring i plankart og føresegner.</p> | X | X | |
| 14 | <p>Advokatfirmaet Kyrre ANS på vegne av Torill Soltvedt og Arvid Soltvedt Gnr/bnr 116/27 17.03.2021</p> | <p>Plankart 8 og 9</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Har i dag kjøreveg til tomtegrensen samt plass til parkering for flere biler. Planforslaget innebærer at grunneier ikke lenger kan kjøre inntil tomtegrensen, men må gå 150 meter fra avsatt parkeringsareal f_SPP3 via gangveg f_SGG9. Mener dette er en vesentlig dårligere løsning enn dagens situasjon. Hensynet til tilstrekkelig antall parkeringsplasser er et viktig hensyn å ta. Avsatt parkeringsareal i f_SPP3 skal deles med gnr. 116 bnr. 38 og er for lite. Ber om at f_SGG9 | <p>Plankart 8 og 9</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ved 1. gongs høyring var det regulert trappetilkomst frå GS-veg og ned til bygg på gjeldande eigedom. Etter innspel frå grunneigar (merknad nr. 11, 05.12.2018 jf. planrapport kap. 13) vart trappeløysing tatt ut av planforslaget. Ein har regulert tilkomst til eigedomen via f_SV59 med høve for parkering for to bilar på SPP3 med gangveg f_SGG9 fram til eigedomen. Ein vil etter 2. gongs høyring opne opp for tilrettelegging | X | X | |

| | | | | | | |
|--|--|---|---|--|--|--|
| | | <p>tas ut av plankartet og kjøreveg f_SKV59 forlenges frem til gnr. 116 bnr. 27 slik at en kan kjøre til tomtgrense som i dag. Ber om at føresegn §7- endres til: <i>Vegar/avkøyrslar til eigedomar der eksisterande tilkomst er regulert stengde skal vera ferdigstilt, før eksisterande tilkomst vert steng.</i></p> <p>2. Planforslaget innebærer en vesentlig forringelse av adkomst og parkeringsforhold. Mener planforslaget påfører tre ganger så mye vedlikehold av vegareal som det er i dag. Dette vil føre til en vesentlig forringelse for eiendommen samt markeds- og bruksverdi. Planforslaget medfører at grunneier må bære en urimelig stor byrde for at samfunnets- eller fellesskapets interesser i den nye gang- og sykkelvegen skal gjennomføres. Stiller også spørsmål ved den samfunnsmessige nytteverdien av det regulerte tiltaket. Lav samfunnsmessig nytteverdi av planforslaget taler for at det må velges løsninger som er mindre inngripende for grunneier. Noe annet fremstår som uforholdsmessig og urimelig. Planforslaget tar med dette ikke tilstrekkelig individuelle hensyn til grunneier, og forslaget er i strid med hensynet til bærekraftig utvikling for den enkelte, jf. §1-1 første avsnitt.</p> <p>3. Det vil bli umulig å ta seg frem til eiendommen med rullestol eller barnevogn, transport av varer o.l. vil bli betydelig mer krevende enn i dag. Det vil ikke være mulig for nødutrykkingskjøretøy å ta seg frem til eiendommen. Planforslaget ivaretar ikke hensynet til brukbarhet og tilgjengelighet, hensynet til tilrettelegging og fysiske forhold for å nedbygge funksjonshemmende barrierer og hensynet til forsvarlige løsninger, jf. §1-1 tredje ledd, jf. fjerde ledd andre setning og femte ledd første setning.</p> <p>4. Ettersom planforslaget er urimelig tyngende overfor grunneier og i strid med de grunnleggende hensynene i pbl. § 1-1 vil planforslaget være ugyldig for de deler som berører eiendommen. Planforslaget vil dermed ikke kunne tjene som ekspropriasjonsgrunnlag og kan i praksis ikke gjennomføres slik det foreligger per i dag. Det vil derfor være i storsamfunnets interesse at planforslaget endres.</p> | <p>av flere parkeringsplassar i f_SVG10.</p> <p>2. Vekting av fellesskapsinteresser og individomsyn må gjerast i lys av at fv. 57 er regionalt viktig, og definert som del av det overordna fylkesvegssystemet i Bergensområdet. Vegstrekinga omfatta av planforslaget har relativt låg standard, den har mange trafikkulykker, og hovudformålet er å fremje trafikkikkerheit og god framkome. I merknaden gjerast det gjeldande at planforslag av omsyn til «<i>rene fellesskapsinteresser</i>» stiller særlege krav til at løysningar og val tar tilstrekkelege omsyn overfor råka private interesser, dette for å ivareta omsynet til berekraftig utvikling for den enkelte, etter pbl. § 1-1, 1. ledd. Planar som omfatta veg- og andre infrastrukturaneleg ivaretar etter sin art fellesskapet sine interesser, men stiller neppe strengare krav til å ta omsyn til råka private interesser enn når private planer utarbeidast for å oppfylle andre private sine utbyggingsinteresser, ev. andre private interesser. I grunnleigers merknad er det vektlagt at planlegging etter pbl. § 1-1 skal fremje berekraftig utvikling også «<i>for den enkelte</i>». Ein alminneleg forståing av omgrepet «<i>bærekraftig utvikling</i>» er «<i>En utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov</i>». Dette inneber ikkje at private interesser, i vurderinga av planforslag som det føreliggande, har noko særskilt vern i forhold til samfunns-/fellesskapsinteresser. I merknaden er det vidare vektlagt, at det i merknader tidlegare i planprosessen er reist spørsmål om den føreslåtte gang- og sykkelveg er rett prioritering av knappe økonomiske midlar. Prioritering av knappe økonomiske midlar vil alltid være eit overordna omsyn, og ein uttrykt bekymring i løpet av planprosessen kan ikkje tilleggas eigen verdi for så vidt forslaget elles blir vedtatt. I ein slik situasjon vil økonomiske prioriteringar berre ha relevans for om, og når, planen blir gjennomført, eventuelt trinnvis.</p> <p>3. Når det gjeld den planlagde nye tilkomsten til eigendommen vert det i merknaden frå grunneigar lagt grunn at denne skal etablerast som «<i>sti i terrenng</i>», og i ein bredde på «<i>kun</i>» 1,5 meter. Både gangveg og køyreveg har stigning som vil ivareta universell utforming og moglegheit til å bruke både rullestol, barnevogn og frakt av varer mm. til eigdommen. Gangveg vil være køyrbar slik at utrykkingskøyrerøy kan ta seg fram til tomtgrensa. Bruk av GS-veg via f_SV59 vil også være aktuell i slike tilfelle og</p> | | | |
|--|--|---|---|--|--|--|

| | | | | | | |
|----|---|---|--|---|--|--|
| | | | <p>situasjonen vil være tilnærma lik slik den er i dag. Gangvegen med ei breidde på 1,5 meter inneber ikkje nokon avgrensing i så måte. Nødvendig gonge på 150 meter, og tilhøyrande vedlikehald, inneber ei noko dårlegare løysing enn dagens situasjon, men utgjer etter Vestland fylkeskommune (VLFK) si oppfatning ingen urimeleg byrde for eigar. Det vert også etter innspel frå grunneigar ved 2. gongs høyring lagt til rette til fleire parkeringsplassar i f_SVG10. Tilpassing og detaljering av dette vil skje på byggeplan. Merknad om dette er lagt inn i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16.</p> <p>4. Etter VLFKs oppfatning ligg dei vurderingane som ligg til grunn for planforslaget klart innanfor planmyndighetens frie skjønn. Det føreligg ikkje usakleg forskjellsbehandling og det er ikkje tatt utanforliggende, usaklege, eller vilkårlege omsyn. Plan basert på forslaget vil derfor være gyldig, og vil om det vedtakast også kunne gjennomførast.</p> | | | |
| | | | Delvis tatt til følge. Endring i plankart og føresegn. | | | |
| 15 | Helge Rambjør og Laila Elisabeth Ådnanes Gnr/bnr 121/5 22.03.2021 | <p>Plankart 9</p> <ol style="list-style-type: none"> Ber om at Basevegen til Mongstad Sør vert lagt i tunnel lengre nord. Som eit strakstiltak må det innførast 60-sone i krysset Mongstad sør. Denne fartsgrensa (eller lågare må oppretthaldast) i framtidig løysing. Det er frå andre naboar/grunneigarar foreslått fleire kryssløysingar for Mongstad Sør krysset. Uansett løysing for krysset må det byggjast ein parallell veg på sørsida av FV57 som gjev tilkomst til eigedomane våre her med traktor og andre landbruksmaskiner som erstatning for dei landbruksavkjørslane som ikkje vert vidareført. Vi er utestengt frå landbrukseigedom 121/5 (sørvest). Denne må oppretthaldast. Det er vist ein avkjørsel på nordsida av FV57, på søre del av gnr 121 bnr.5. Avkjørselen er teikna inn med ein veg sørover langs FV57 til grensa på vår eigedom utan at me kan finna noko grunn for det. Dette er verdifull beitemark. Me må ha ein landbruksavkjørsel her, men har ikkje bruk for noko veg vidare sørover langs FV57. Me ber om at denne veg sørover utgår. Den nye gang- og sykkelstien må byggjast slik at den kan nyttast av traktor i forb. spreining av gylle (naturgjødse) på utmarka. I anleggstida må ein sørge for gjerde som held beitedyr på plass og alle gjerde må på plass etter at anleggstida er over. | <p>Plankart 9</p> <ol style="list-style-type: none"> Nytt kryss og veg til Mongstad sør må løysast i ein plan for næringsområdet. Det ligg ikkje til detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg fv. 57 å vurdere kryssløysing for framtidige næringsområde. Planarbeidet for fv. 57 legg ikkje hindringar for etablering av nytt kryss til framtidig næringsareal i ein framtidig reguleringsplan, sjå også Notat - Vurdering av kryss og veg frå Mongstad sør, vedlegg 17 til planforslaget. Fartsgrense vert regulert etter dimensjonerande fart. Planforslaget legg opp til ein trafikksikker veg i tråd med vegnormalen N100. Den aktuelle parsellen er ein viktig hovudveg som knyt store næringsområde saman med stamvegen E39. Fartsgrensa er i dag stort sett 70 km/t eller 80 km/t og ein kort strekning med 60 km/t ved Lauvås. Trafikkmengda 20 år etter forventa opningsår i 2050 vil vere om lag 4600-6200. Med dette som utgangspunkt blir U-H4 med ÅDT 4000 – 6000 og fartsgrense 80 km/t standardval. Nytt kryss er utbetra, med bl.a. høgresvingefelt som er ein trafikksikker løysing. Det er tilgang til landbrukseigedom gnr. 121 bnr. 5 både i sørvest og nord. Dette er vist i planforslag ved f_SV59 og SV60 (nord). I sørvest er det etter 2. gongs høyring opna opp for ei avkøyrsløse til eigedom gnr. 121 bnr. 5, vist med avkøyrsløse (pel 6395). Det vert ikkje lagt opp til ny parallell køyreveg til landbrukseigedomar. | X | | |

| | | | | | | |
|----|--|--|---|---|--|--|
| | | | <p>4. I sørvest er det etter 2. gongs høyring opna opp for ei avkøyrslle til eigedom gnr. 121 bnr. 5. Dette er vist med ei avkøyrsllepil i plankartet ved pel 6395. Tilpassing og detaljering vil skje på byggeplan. Det er lagt inn merknad om dette i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16.</p> <p>5. Veg f_SV59 er veg og avkøyrslle til fv. 57 for eigedomane gnr. 116 bnr. 5, 27, 36 og 38. Eventuell erstatning for tap av areal vil skje på byggeplan og grunnerverv.</p> <p>6. Det er ikkje lagt opp til at GS-veg skal brukast som køyreveg.</p> <p>7. Ev. erstatningskrav og sikring med gjerder vil skje i samband med byggeplan og grunnerverv.</p> <p>Delvist tatt til følgje. Endring av plankart.</p> | | | |
| 16 | Thore Knarvik Gnr/bnr 121/1 05.03.2021 | <p>Plankart 9 og 10</p> <p>1. Grunneigarane for 121/1, 121/2, 121/5 og 121/6 mister tilkomsten til sin del av eigendomen på sør vestsida av fylkesvegen. Her kan det byggas ein felles veg på Sør Vest sida av vegen som fordeler tilkomst til desse eigedommane, eller avkjørsel til kvar enkelt eigedom. Tilkomsten må være i ein sånn størrelse at det er sikra tilkomst for maskiner til framtidig hogst av skog og fløtting av dyr til/frå beiter etc.</p> <p>2. Gjerdet/gard må førast opp på igjen på begge sider av Fylkesvegen mot eigedommane etter at prosjektet er ferdig.</p> <p>3. Ei rundkjøring i staden for eit kryss (Mongstad sør), vil sikre betre flyt i trafikken, ein kan då ha avkjørsler til Mongstad sør, Hellestveit, knarvikgarden og utmark på eit punkt på fylkesvegen. Om ein går for ei løysing med rundkjøring, treng ein ikkje handlegge eit så stort areal.</p> | <p>Plankart 9 og 10</p> <p>1. Landbruksavkøyrslle til gnr. 121 bnr. 1 og 5 i sørsørvest er vist med avkøyrsllepil ved pel 6395. Landbruksavkøyrslle til gnr. 121 bnr. 2 og 6 i sørsørvest er vist med avkøyrsllepil ved pel 6990. Tilpassing og detaljering av avkøyrslle vil skje i byggeplan. Merknad om dette er lagt inn i Notat til byggeplanfasen, sjå vedlegg 16. I nord er det tilgang til landbruks-eigedomane gnr. 121 bnr. 5 via veg SV60, til bnr. 1 via veg o_SKV8 og til bnr. 2 og 6 via f_SV63</p> <p>2. Ev. erstatningskrav og sikring med gjerder vil skje i samband med byggeplan og grunnerverv.</p> <p>3. Det er planlagt kanaliserte T-kryss på strekninga i samsvar med vegstandaren i Statens vegvesen sine handbøker. Dette gjeld også krysset ved Mongstad sør.</p> <p>Delvist tatt til følgje. Endring av plankart.</p> | X | | |
| 17 | Håkon Veland Gnr/bnr 121/2 23.02.2021 | <p>Plankart 10</p> <p>1. Stenging av avkøyrslle profil 6925 kan eg ikkje godta. Behov for kjøyreveg for traktor til 121/1, 2 og 6. Ber om undergang.</p> <p>2. f_SV 63 legger beslag på et stort areal og deler opp teigene 121/1 og 6. Ønsker ikke oppdeling av teigene og denne vegløsningen.</p> <p>3. Busslomme i vegen til Storemyra krever lengre reisetid. Ber om at en legger busslomma langs hovedveg.</p> | <p>Plankart10</p> <p>1. Det er opna for tilgang til landbrukseigedom gnr. 121 bnr. 1, 2 og 6. Det er satt inn avkøyrsllepil ved pel 6395 og pel 6990. Tilpassing og detaljering av avkjørsel vil skje i byggeplan. Merknad om dette er lagt inn i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16. Ein beheld stengesymbol på eksisterande landbruksavkøyrslle då den ligg tett i høgresvingefelt i Mongstad sør kryss.</p> <p>2. f_SV63 er endra etter 1.gongs offentleg ettersyn etter merknad frå grunneigar av gnr. 122 bnr. 2 og 3, jf. merknad. 17 kapittel 13 planskildring. Det vil vere tilgang til landbruksteig gnr. 121 bnr. 2 og 6 via f_SV63 og til gnr. 121 bnr. 1 via o_SKV8.</p> <p>3. Busslomme er plasser etter fleire vurderingar knytt til trafikktryggleik og er i tråd med i Statens vegvesen sine handbøker.</p> | X | | |

| | | | | | | |
|----|--|--|--|---|---|--|
| | | | Delvis tatt til følgje. Endring av plankart. | | | |
| 18 | Jostein Helge Hellestveit Gnr/bnr 122/2 23.03.2021 | Plankart 10 1. Planane om å stenge jordbruksavkøyrslene vil gje svært store ulemper for gardsdrifta. Det er nødvendig med ein parallell jordbruksveg som erstattar desse. Stenging av hovudavkøyrsla til garden vil og medføra svært store driftsulempar med den løysinga som er vald i planforslaget. 2. Vi ser pris på at forslaget om å la all trafikk frå garden gå gjennom tunet til bruk nr. 3 no er gått bort frå. Det som er foreslått i staden, nemleg å la all trafikk til bnr. 3 gå gjennom tunet til bnr. 2, er heller ikkje noko god løysing. Den nye løysinga medfører også ulemper med oppdeling av eigedomane til to av naboane. Vi vil oppmoda om at ein går i dialog med oss grunneigarar om tenlege løysingar for desse tilførselsvegane. | Plankart10 1. Eksisterande avkøyrslar frå bruket og landbruksavkøyrslar til fv. 57 er stengt på grunn av trafikktryggleik. Avkøyrslene kan skape farlege situasjonar når vegen er ferdig utbygd. Vegen vil få ein anna standard enn den har i dag. Difor finn ein det naudsynt å stenge eksisterande avkøyrslar. Det er prosjektert inn ein kulvert som gjer det trafikksikkert å komme til på landbrukseigedom gnr. 122 bnr. 2 i sør. Det er lagt inn ny veg og avkøyrslar f_SV63 til fv. 57. 2. Ein har etter 1. gongs offentleg ettersyn endra avkøyrsla til tunet, veg f_SV63. Det er no ein kortare tilkomst til tunet og til markene enn det var i planforslag til offentleg ettersyn. Det vert likevel lengre å komme til markene på 126/9 enn det er i eksisterande situasjon. I dag har gnr. 122 bnr. 2 og bnr. 3 felles avkøyrslar frå fv. 57. I planforslag har ein felles avkøyrslar via veg f_SV63. Det er ingen endring av dagens situasjon med trafikk gjennom tunet. | | | |
| | | | Ikkje tatt til følgje. Ingen endring i planforslaget. | | | |
| 19 | Sigbjørn Knarvik Gnr/bnr 121/6 22.03.2021 | Plankart 10 1. Som eigar av 121/6 vil det vera heilt uakseptabelt at avkjørsel ved profil 6925 for tilkomst til utmarka vert stengt. Denne avkjørselen må eventuelt erstattast med ein ny felles tilkomst/avkjørsel for bruka 121/1, 121/2 og 121/6. 2. Køyreveg f_SV63 deler opp teigane gnr. 12 bnr. 2 g 6. Ønsker ikkje denne løysinga. 3. Busslomme i vegen til Storemyra krever lengre reisetid. Ber om at en legger busslomma langs hovedveg Stiller meg bak Håkon Veland sitt forslag | Plankart 10 1-3 Sjå svar på merknad frå Håkon Veland, merknad nr. 17. Delvis tatt til følgje. Endring av plankart. | X | | |
| 20 | Hope eiendomsselskap AS Grønfjellia 61 v/ Jon Roald Hope 19.02.2021 | Plankart 13 1. Det er ikkje tatt nok hensyn til næringsdriften av bensinstasjonen på Hope i planen som den nå foreligger. 2. Ønsker derfor om kontakt med planlegger som kan være med på å endre litt på planen. | Plankart 13 1. I kommunedelplan for Lindåsneset er del av gnr.126 bnr. 55 og 8 satt av til næring (BN) og landbruk (L). I planforslaget er avkøyrsla til bensinstasjon er flytta lengre nordvest og ligg delvis i dagens vegareal, SV69. Ny GS-veg inkludert anna vegggrunn SVG vil ta noko av arealet til bensinstasjonen. I justert planforslag etter 2. gongs høyring har ein endra del av SV69 til BN7 og BN8 samt endra rest av landbruksareal L1 til nytt næringsareal, BN8. Det er berre eit mindre areal mot GS-veg som ikkje kan disponerast av bensinstasjonen. På byggeplan vil ein tilpassa avkøyrslar SV69 etter behov til næringsdrifta til bensinstasjonen. Merknad om dette er lagt inn i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16. | X | X | |

| | | | | | | |
|----|--|--|---|---|--|--|
| | | | <p>2. Det har vore kontakt med Hope eiendomsselskap AS og VLFK. Sjå svar under punkt 1.</p> <p>Merknad delvis tatt til følgje. Endring i plankart og føresegner.</p> | | | |
| 21 | Rune Hope Gnr/bnr 126/8 22.03.2021 | <p>Plankart 13</p> <p>1. Har sett på planen for eiendom 126/8. Sykkel/gangveien vil komme omtrent inni i hagen min. Samt over plassen som bensinstasjonen bruker som snuplass. Dette har jeg gitt tilbakemelding om tidligere da det var folk befarig. Dette er det ikke tatt hensyn til. Det må være mulig og ta hensyn til dette i planene uten å få en sykkel og gangvei inn i hagen, i tillegg vil disse planene vil gjøre det umulig å drive bensinstasjonen da dette vil ta vekk heile snuplassen og parkeringsmuligheter for denne.</p> | <p>Plankart 13</p> <p>1. Avkøyrsløse til bensinstasjon SV69, ny veg o_SKV9 og anna veggrunn o_SVG1 tar del av eiegen gnr. 126 bnr. 8 og. 44. Anna veggrunn o_SVG1 ligg tilnærma der dagens avkøyrsløse til bensinstasjon er i dag. Det blir gjort endringar for bensinstasjonen, sjå kommentar til merknad 20. Eventuell erstatning for tap av areal vil skje i samband med byggeplan og grunnerv.</p> <p>Ikkje tatt til følgje. Ingen endring i planforslaget.</p> | | | |
| 22 | Øyvind Hope og Liv Marit Hope Gnr/bnr 126/7 22.03.2018 | <p>Plankart 13</p> <p>1. Då FV57 vart bygd, tok Statens 10 mål av innmarka på bruket vårt. Mykje av dette ligg urørt på vestsida av vegen. Me har tidlegare peika at dette arealet må nyttast til den skisserte utvidinga. Me registrerer at det er ikkje teke omsyn til dette i høyringsutkastet. Me krev at dette arealet må nyttast framfor å ta meir areal frå oss på austsida.</p> <p>2. Når det gjeld samfunnsøkonomi spør me om dette er god forvaltning av ressursar. Frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstad-krysset går det ein kommunal veg. Kva er grunnen til at denne ikkje vort gjort om til gang- og sykkelveg med opning for køyring til eigedommane og open for buss/skulerute? Kva argument det er for å leggje gang og sykkelvegen på austsida av fylkesvegen frå</p> <p>3. Kolås krysset til Mongstad. Tidlegare Lindås kommune har tidlegare lagt fram planar for kryss/ rundkøyring ved skytebana på Hope og ny veg gjennom tunell til Mongstad. Korleis har de tenkt å knytte dette saman med denne planen?</p> <p>4. Slik me tolkar det ligg huset vårt slik at me kjem innanfor raud sone når det gjeld støy. Vår tolking er at dette ikkje skal gjerast tiltak for i planen. Dette er heilt uakseptabelt.</p> <p>5. Som me tidlegare har sendt innspel om, synes me framgangsmåten til SVV i denne saka har vore dårleg. Me har bedt om dialog, men det har vorte ignorert. No er det Fylkeskommunen som styrer. Forventar at me no blir kontakta for gjennomgang av konsekvensane dette prosjektet får for oss.</p> <p>6. Då FV57 vart bygd, vart det etablert ei landbruksutkøyring. Dette for at me skal ha tilkomst til det dyrka arealet me har vest for vegen. Me finn ikkje denne att i høyringsutkastet. Heller ikkje beskriving av korleis denne skal erstattast. Me må her få svar på korleis dette skal løysast. De må her kalle inn til synfaring slik at dette kan diskutert.</p> <p>7. Ved å leggja traseen slik som vist i høyringsutkastet vil me</p> | <p>Plankart 13</p> <p>1. På strekninga frå Hope til Keilen-krysset er det tilrådd at arealinngrepet bør skje på austsida av eksisterande fv. 57 av omsyn til Hopsvatnet med tilhøyrande vassdrag.</p> <p>2. Langs fv. 57 er det planlagt eit hovudtilbod for gåande og syklande langs fylkesvegen. Det er lite trafikk langs den kommunale vegen frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstad-krysset. Denne vegen kan framleis nyttast til blanda trafikk for dei som ynskjer det. Denne vegen kan også være ein del av eit mogleg byggetrinn om ein ikkje får finansiert utbygging av heile strekninga. Det er gjort ei vurdering av kor GS-veg skal ligge langs eksisterande fylkesveg. Det er vurdert ei løysing med gang- og sykkelveg på vestsida av fylkesvegen, noko som vil medfører utfylling i Hopsvatnet. Ein har ut frå ei samla vurdering konkludert med at gang- og sykkelvegen skal ligge på austsida av eksisterande veg, i ei avveging mellom naturverdiar, dyrka mark m.m. og målpunkta langs gang- og sykkelvegen. Det er utarbeida eit notat der desse vurderingane framkjem, jf. Notat Gang- og sykkelveg – Sidevurdering vedlegg 15.</p> <p>3. Når det gjeld ny veg i tunnel til Mongstad sør må dette løysast i ev. ny plan for næringsområdet. Det ligg ikkje til detaljplan for gang- og sykkelveg langs fv. 57 å vurdere kryssløysing for framtidige næringsområde. Dette planarbeidet legg ikkje hindringar for etablering av nytt kryss til framtidig næringsareal i ein framtidig reguleringsplan, sjå også Notat Vurdering av kryss og veg frå Mongstad sør vedlegg 17 til planforslaget.</p> <p>4. Eigedommen ligg i delvis raud- og gul-støysone. For bustader vil støytakt, avhengig av lydnivået ved dei einskilde bustadane, kunne innebære fasadetiltak, utskifting av vindauge, støydempa ventilar i yttervegg</p> | X | | |

| | | | | | | |
|---|--|---|---|--|--|--|
| | | <p>tapa dyrka mark. Det er i planomtalen vist til at det er lite areal som vert berørt, men i forhold til det dyrka arealet me har på vår gard, vert det mykje for oss. Me har ikkje noko problem med at det vert nytta areal på vestsida av eksisterande fylkesveg, i staden for på austsida, då dette alt er eigd av vegmyndigheita.</p> <p>8. Me ynskjer å møte Vestland fylke og Alver Kommune for ny synfaring, slik at me kan få sett på løysingar gjeldande vår eigedom.</p> | <p>eller balansert ventilasjonssystem, og lokal skjerming av uteplass. Støytiltak vil bli vurdert i samsvar med Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Forslag til tiltak vil bli utarbeidd i samsvar med gjeldande regelverk i samband med byggeplan og før anleggsstart.</p> <p>5. Det har vore dialog og fleire synfaringar med SVV og representantar frå Lindås/Alver kommune i prosessen.</p> <p>6. Landbruksavkøyrsla til fv. 57 i nordaust er stengt på grunn av trafikktryggleik. Avkøyrsla kan skape farlege situasjonar når vegen er ferdig utbygd. Difor finn ein det naudsynt å stenga avkøyrsla. Eigedomen har tilkomst til fv. 57 via Litlåsvegen. Ein har fjerna stengesymbol for avkøyrsla til eigedom 126/7 vest for fv. 57. Her er det lagt inn avkøyrsllepil ved pel 9180. Tilpassing og detaljering av avkøyrsel vil skje i byggeplan. Merknad om dette er lagt inn i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16.</p> <p>7. Sjå kommentar under punkt 2.</p> <p>8. Sjå kommentar under punkt 5.</p> | | | |
| Delvis tatt til følge. Endring av plankart. | | | | | | |

Høyringsinstansar:

| | | | | | | |
|----|---|---|---|--|--|---|
| 23 | Austrheim kommune 09.02.2021 | Ingen merknader | Tatt til etterretning. | | | |
| 24 | NGIR 17.02.2021 | 1. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløysingar. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar - til hentestadar - har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar | 1. Det er i planen sett av areal til samlepunkt og returpunkt ved busshaldeplassane. Dette er vist i O-teikningane. Det vil på enkelte plassar bli naudsynt med henting av boss i avkøyrslar. Det er avsett ekstra areal i planen (SVG) til ev. utviding avkøyrslene. Dette må vurderast og løysast på byggeplan, sjå vedlegg 16 Notat til byggeplanfasen. Det er regulert inn areal til renovasjonspunkt ved Gjerdvågstraumen og sør for Hope. | | | |
| 25 | Avinor 18.02.2021 | Ingen merknader | Tatt til etterretning. | | | |
| 26 | NVE 26.02.2021 | Gjev ikkje konkret fråsegn i saka | Tatt til etterretning. | | | |
| 27 | Direktoratet for mineralforvaltning 08.03.2021 | Ingen merknader | Tatt til etterretning. | | | |
| 28 | Fiskeridirektoratet 17.03.2021 | 1. I planomtala på s. 33. kap. 6.9.4 Vilt- og Fiskeressursar står det at dei to låssettingsplassane Rossnesvågen og Knarrviksviki er utelatne frå Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy «i siste versjon» og at dette tyder på at dei ikkje er i bruk. Låssettingsplassane er framleis registrerte kystenære fiskeridata i kartverktøyet Yggdrasil. | 1. Dette er retta opp i planskildringa 2. Tiltak nær sjø i Rossnesvågen og ved Gjerdvågstraumen er omtalt og ivaretatt i YM-plan, jf. Vedlegg 13. | | | X |

| | | | | | |
|----|--|---|---|--|---|
| | | 2.Vi føreset at det også vert lagt opp til avbøtande tiltak for inngrep som kan få negative følger for gytefeltet og fiskebruksområdet som ligg i og tett opp mot planområdet. | | | |
| 29 | Statsforvaltaren i Vestland 22.03.2021 | Ingen vesentlege merknader | Tatt til etterretning. | | |
| 30 | Vestland fylkeskommune – 22.03.21 og 15.04.2021 | <p>Alle plankart</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Byggegrense langs fylkesvegen må kome fram i områder som er avsatt til byggjeføremål. 2. Siktkrav i kryss og avkøyrslar må påførast plankartet. 3. Føresegnene må rettast opp slik at dei viser til rett plan, til dømes §4. 4. Føresegnene viser til at føresegnene i kommuneplan for Lindås gjeld. Dersom det i hovudsak gjeld plankrav for areal avsett til byggeområde ber vi om at dette kjem tydelig fram. 5. § 4.2.2 legg rammer for kven som kan nytte regulert tilkomst. Føresegna på presiserast slik at det kjem fram at ny bruk eller ved søknad om tiltak etter plan og bygningslova krev ny vurdering av avkøyrsløyve. 6. Planforslaget er i konflikt med automatisk freda kulturminne (Askeladden id. 231174 og 231169) då lokalitetane ligg i og nær veganlegget, framtidig rigg og anleggsområde og annan vegggrunn. Etter fylkeskommunen si vurdering kan reguleringsplan for fv. 57 Gang og sykkelveg Lindås tettstad plan id. 1263-201407 godkjennast under føresetnad av at det blir gjennomført ei arkeologisk utgraving av dei råka kulturminna, før tiltak etter planen blir gjennomført, jf. vedlagt kart datert 04.12.20. I samsvar med kulturminnelova § 10 skal tiltakshavaren bere kostnadene for arkeologiske granskningar. Kulturminna, med kulturminne-ID 231169 og 231174, er markert i plankartet som bestemmelsesområde og tildelt/vist som nr. 30 og 31. Føljande tekst er innarbeidd i fellesføresegnene til reguleringsplanen under § 3.8: b) Før iverksetjing av arbeid etter planen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna: id 231174 som er merka som område for føresegn #30 i plankart 3 id 231169 som er merka som område for føresegn #31 i plankart 13 c) Tiltakshavar skal ta kontakt med (fylkeskommunen) Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga blir fastsett. Vi ber om at tekst markert med raudt innarbeidast i § 3.8, c). 7. Det er opna opp for at ein køyrer over den Trondhjemske postveg, i det sørlege planområdet, i anleggsperioden. I føresegnene som omhandlar postvegen er føljande presisert: «Det er krav til bruk av matter og sikringstiltak i dette området. Sikringstiltak skal avklarast med kulturminnemynde.» Vi ber om at same presisering også blir gjeldande i føresegnene for jordkellarane med omsynssone H570 (§ 5.2.2, b). | <ol style="list-style-type: none"> 1. Det er ikkje vurdert konkrete byggegrenser i planen og byggegrense følj vegtrafikklova som er 50 meter. 2. Det er lagt inn siktkrav i alle plankart. Desse er også vist i tekniske teikningar, C-teikningar. 3. For arealformål i underliggande plan er det lagt inn fullt namn på plan og plan-id. Føresegnene er endra. 4. Det er ikkje vist til konkrete føresegner i underliggande planar som KDP Lindåsneset og KPA Lindås. Ein har ført inn plan-id i føresegnene. 5. Føresegna §4.2.1 e) er endra. 6. Føresegna §3.8 og §7.2 er endra. 7. Jordkellarane ligg utanfor bygg- og anleggsområde. Ein har lagt til tekst i føresegna §5.2.2 «Det er krav til bruk av matter og sikringstiltak i desse områda i anleggsperioden. Sikringstiltak skal avklarast med kulturminnemynde» <p>Merknadene er delvis tatt til følgje. Endringar i føresegner.</p> | | X |

Endrings skjema: Oppsummering av endringer av planforslag

| Plankart | Reguleringsføresegner | Planomtale |
|---|--|---|
| <p>Endringer i plankartet etter 2. gongs offentlig ettersyn Bakgrunn i merknad/uttale:</p> <p>1. Plankart 1 Nummerering av L1 (gjeld alle plankart).</p> <p>2. Plankart 2 Nummerering av L1.</p> <p>3. Plankart 3 Nummerering av L1.</p> <p>4. Plankart 4 Nummerering av L1.</p> <p>5. Plankart 5 Nummerering av L1.</p> <p>6. Plankart 6 Nummerering av L1.</p> <p>Det er lagt inn avkøyrsløp på eksisterende vegar (gnr. 117 bnr. 11 og 27) ut i veg f_SV21. Stengesymbol og veg f_SV23 er tatt ut. Gjeld merknad 5.</p> <p>SV32 er endra til f_SV32 Gjeld merknad 6.</p> <p>7. Plankart 7 Nummerering av L1.</p> <p>8. Plankart 8 Nummerering av L1. SV52 er endra. Plangrensa er redusert. Gjeld merknad 11 og 12.</p> <p>o_BE4 er flytta pga. av endra veggeometri til SV52. o_BE4 ligg no nord for avkøyrsløp f_SV54</p> <p>f_SGG8 er tatt ut av plankart. Ein har avsett eit areal i L2 som opnar opp for etablering av sti. Gjeld merknad 13.</p> <p>f_SVG1 er endra til f_SVG11 kor ein opnar opp for justering av veg SV52. Gjeld merknad 12.</p> | <p>Endringer i føresegnene etter 2. gongs offentlig ettersyn Bakgrunn i merknad/uttale:</p> <p>1. §3.8 Endra til tekst «Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune». Gjeld høyringsfråsegn 30.</p> <p>2. §4.1.1 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.</p> <p>3. §4.1.2 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.</p> <p>4. §4.1.3 a) og b) Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.</p> <p>5. §4.1.3 c) Føresegn om næringsområde BN8. Restareal som er avsett til L i KDP Lindåsneset er regulert til næring BN8 og inngår som ein del av næringsverksemd i BN7. Gjeld Merknad 20</p> <p>6. §4.1.6 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.</p> <p>7. §4.1.7 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.</p> <p>8. §4.2.1 e) Lagt til «eller endra». Gjeld høyringsfråsegn 30.</p> <p>9. §4.2.2 c) veg f_SV23 er tatt ut av føresegnene. Gjeld merknad 5. §4.2.2 b) SV32 er endra til f_SV32. Flytta frå b) til c). Gjeld merknad 6.</p> <p>10. §4.2.3 Føresegn om f_SGG8 er tatt ut. Fører til renummerering. Gjeld merknad 13.</p> <p>11. §4.2.4 Ny føresegn om f_SVG10 kor ein opnar opp for etablering av parkeringsplassar. Gjeld merknad 14.</p> <p>12. §4.2.4 Ny føresegn om o_SVG11 kor ein opnar opp for justering av vegløyning SV52. Gjeld merknad 12.</p> <p>13. §4.2.5 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.</p> <p>14. §4.2.6 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.</p> <p>15. §4.3 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.</p> <p>16. §4.4.1 Ny føresegn om etablering av gangveg i L2 er tatt inn i føresegnene som bokstav b). Nummerering av L1, bokstav a). Gjeld merknad 13.</p> <p>17. §4.4.2 Lagt til arealplan-id. Gjeld høyringsfråsegn 30.</p> <p>18. §6.1 d) lagt inn BN8 i tabell over føresegnsområde. Gjeld merknad 20.</p> <p>19. §6.4 Endra til tekst «Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune». Gjeld høyringsfråsegn 30.</p> <p>Andre årsaker:</p> <p>20. §4.1.3 a) Lagt inn næringsareal frå KPA, BN9.</p> <p>21. §4.2.4 Ny føresegn om SVG4 kor ein opnar opp for etablering av parkeringsplassar. Fører til renummerering.</p> <p>22. §6.1 d) Lagt inn BN9 i tabell over føresegnsområde</p> <p>23. §6.4 Endring i føresegn, det var feil i tilvisingsnummer. Retta frå §7.5 til §7.2</p> | <p>Endringer i planomtalen etter 2. gongs offentlig ettersyn Bakgrunn i merknad/uttale:</p> <p>1. Tekst i kap. 6.9.4 Vilt- og fiskeressursar er endra. Gjeld høyringsfråsegn 28.</p> <p>Andre årsaker:</p> <p>2. Det er lagt til nye datoar etter 2. gangs offentlig ettersyn</p> <p>3. Kap. 1 Nøkkelopplysningar. Det er lagt til tekst og datoar for 2. gangs behandling.</p> <p>4. Kap.3.2 Offentleg ettersyn av reguleringsplanen. Det er lagt til tekst om prosess 2. gong offentlig ettersyn</p> <p>5. Kap. 4.3 Kommunale planar: Tekst om kommuneplan og kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad er endra. Lagt inn tekst om ny temaplan for trafikksikring</p> <p>6. Kap. 7.1 Planlagt arealbruk. Nye tabellar for arealformål og omsynssoner og føresegnsområder er lagt inn.</p> <p>7. Oppdatert vedleggsliste</p> |

9. Plankart 9
Nummerering av L1.

f_SVG1 er endra til f_SVG10 kor ein opnar opp for etablering av parkeringsplassar. Gjeld merknad 14.

Avkøyrsløp er lagt inn ved pel 6395. Gjeld merknad 15 og 16.

10. Plankart 10
Nummerering av L1.

Avkøyrsløp er lagt inn ved pel 6990. Gjeld merknad 16, 17 og 19.

11. Plankart 11
Nummerering av L1.

12. Plankart 12
Nummerering av L1.

13. Plankart 13
Nummerering av L1.

Avkøyrsløp SV69 er endra. Utviding av BN7 i tråd med KDP Lindåsneset. Nytt næringsareal BN8 i restareal mellom BN7 og vegareal. Var regulert til L i førre planforslag. Gjeld merknad 20.

Stengesymbol er fjerna ved pel 9180 og ny avkøyrsløp er lagt inn ved pel 9180. Gjeld merknad 22.

14. Plankart 14
Nummerering av L1.

Andre årsaker:

15. Plankart 8
Det er endra nummer frå o_SVG1 til SVG4 på eit areal slik at det kan etablerast parkering/biloppstillingsplassar.

BN9 er lagt inn. Endring i KPA som ikkje var tatt inn i planen førre gang.

16. Alle plankart
Siktlegder er lagt inn som tekst på alle avkøyrsløp.